

Rekommandert sending med 11 vedlegg.

S 1.

Frå Per Molland	Lynghaug 4, 5563 Førdesfjorden	« 11/19
« Edel May Gullaksen Brørvik	Steinsvikvegen 17, 5955 Lindås	« 11/20
« Svein Ove Savland	Bjørndalsbrotet 108, 5170 Bjørndalstræ	« 11/21

Til Frode Haugsvær Maskin A/S
5981 Masfjordnes

Klage på nybygd veg til hyttefelt, gbnr. 11/3 på Byrkjeland.

Til orientering:

Elektronisk innkalling til vegmøte på Byrkjeland hos Svein Olav Savland torsdag 23. august 2018 kl 19.00. Innkallinga vart send til dei fem hytteeigarane, entrepenør Frode Haugsvær og postsending til tiltakshavar og grunneigar Alf Birkeland. Det vart presisert at det var særskilt viktig at entrepenør Frode Haugsvær møtte. Påminning om møtet vart ettersendt. Målet med møtet var å finna gode løysingar for å få vegen kjørbar. Tilbakemelding frå Bjørn Inge Nystein og Åge Ynnesdal om at dei ikkje kunne koma. Alf Birkeland og Frode Haugsvær gav ikkje tilbakemelding og møtte heller ikkje. Det var skuffande.

Desse møtte: Svein Ove Savland, Edel May Brørvik og Per Molland.

Viser til vedlagt brev (vedlegg 10) om Merknader til nybygd veg til hyttefelt, gbnr. 11/3 på Byrkjeland. Brevet var sendt til Bjørn Rune Kvinge den 10.06.2018 med gjenpart til Frode Haugsvær. Kopi i posten til Alf Birkeland. Bjørn Rune Kvinge svara den 13. juni 2018. (Sjå vedlegg 11) Kvinge skriv: « Frode Haugsvær Maskin A/S har ansvarsrett for utførelsen av arbeidet. Det er også han som å ha gjort avtale om bygging av vegen, truleg med Alf Birkeland». Underskrivne hadde ikkje sett denne avtalen på det tidspunktet. Gjennom postjournalen frå kommunen (vedlegg 9) fekk me kunnskap om ansvarsfordelinga,

Alf Birkeland sa at prisen var kr 1375,- pluss moms pr. meter ferdig veg. Frode Haugsvær må då ha prolongert vegprisen vel to år fram i tid. Det er same meterprisen som Torleiv Brørvik fekk avtale på 15.08.2015. Kvar hytteeigar betalte sin del til Alf Birkeland kto.12106044617 med forfall 12. nov. 2017. Vegen var «ferdig» i veke 7 i 2018.

Ei mappe med papir som Alf Birkeland gav til Svein Olav Savland, inneheldt ymse lausark om hyttevegen utan underskrifter. Me kontakta Masfjorden kommune og fekk utskrift frå postjournalen 26.06.2018. Først då fekk me mellom anna sjå 3.side av «Søknad om tillatelse i ett trinn» (Jamfør vedlegg 7). Alle skriv med ansvarlege underskrifter og kommunale vedtak var ikkje i mappa. Me veit ikkje grunnen til det.

S 2.

Masfjorden kommune har god orden i saksgangen og postjournalen; det er me takksame for. Byggm. Bjørn Rune Kvinge har utarbeidd ryddig og enkel lengdeprofil som ikkje er til å misforstå (jamfør vedlegg 4.). Total lengde på vegen er sett til 255 m. med 35 høgdemeter som blir 13,7 % i gjennomsnittstigning. Verken innmåling eller utstikking er dokumentert, og det er sterkt klanderverdig.

Viser til «Merknader til nybygd veg vedlegg nr. 9 og stadfestar på nytt at vegen til hyttene ikkje er brukande for vanlege privatbilar med den stigninga.

Me undrast på korleis resultatet kunne bli 21,4% når stigning skal maks vera 20% for veg i klasse 8. Kommunen har godkjendt søknaden på dei vilkåra. Sjå fakta i saknr: 129/2017 side 4. i vedlegg 8, og side 1 i søknaden i vedlegg 7.

Frode Haugsvær Maskin A/S har ansvaret for innmåling , utstikking, veg og grunnarbeid. Me må rekna med at tiltakshavar, Alf Birkeland, er kjend med innmålinga og utstikkinga. Dokumentasjon på det er ikkje å finna.

Tiltakshavar Alf Birkeland - ansvarleg for at byggverket/vegen vert oppført i tråd med føresegner gjeve i medhald av plan og bygningslova jamfør pbl. § 23-1, 2. ledd.

Byggmester Kvinge - ansvarlig søker, har ansvaret for prosjektering og det oppmålingstekniske. Det er god dokumentasjon på det. (Sjå vedlegg 4, 5, 6 og 7)

Entreprenør Frode Haugsvær A/S - ansvarleg for Innmålinga , utstikkinga, veg- og grunnarbeid jamfør vedlegg 2 og 4 som ikkje samsvarar me resultatet. Haugsvær har ikkje reagert på våre merknader, vedlegg 10 som han fekk gjenpart av. Han reagerte heller ikkje på innkallinga til vegmøte 23. august 2018.

I vedlegg 8 datert 17.11.20017 kjem noko nytt inn: «Bygge 255m veg og 24 parkeringsplassar.» Desse parkeringsplassane er plassert på ein heilt anna stad enn det som viser i Situasjonsplanen/Byggemelding D01. datert 01.10 2017. Sjå vedlegg 4. Det er litt underleg sidan parkeringsplassane er flytta utan at me er orienterte. Vegen må plannerast ved å skyta ut stein i vegbana eller fylla på med steimasse, kanskje begge deler er nødvendig. Her er det mangel både på informasjon og kommunikasjon. Å forkasta «Situasjonsplanen/Byggemeldinga D01og D02» utan å varsle oss og Bjørn Rune Kvinge om endringar, kan me ikkje finna oss i. Me har kjøpt eit arbeid som er prosjektert og utarbeidd etter lov og føresegner.

Krav:

På vegmøte 23. august vart me samde om å senda brev med dokumentasjon rekommandert til Frode Haugsvær med krav om svar innan 14. dagar frå utsendingsdatoen.

Me krev utbetring av vegen med maks 20% stigning innan to månader etter me har fått svar på brevet. Denne fristen kan ikkje utvidast utan etter avtale.

Dersom krava ikkje blir stetta, koplar vi først inn Masfjorden kommune, før saka går vidare.

Stad... Bergen Dato... 3/9-18 Namn... Sam Ove Sævi
Underskrift

Stad... Lindås Dato... 30/8-18 Namn...
Namn... Evel May Gullaksen Brøvik Underskrift

Stad... Føresfjorden Dato... 3/9-18 Namn... Per Molland
Underskrift

Vedlegg:

- 15.08.2015 Tilbod på arbeid med opparbeiding av veg til hyttefelt (Vedlegg 1)
- 03.02.2017 Planlagd veg (Vedlegg 2)
- 07.02.2017 Veg til hytter (Vedlegg 3)
- 16.11.2017 Gjennomføringsplan (Vedlegg 6)
- 17.11.2017 Søknad om tillatelse i ett trinn (Vedlegg 7)
- 17.11.2017 Erklæring om ansvarsrett (Vedlegg 8)
- 23.11.2017 Melding om delegert vedtak -veg til hyttefelt (Vedlegg 9)
- 10.06.2018 Merknader til nybygd veg til hyttefelt, gbnr. 11/3 på Byrkjeland (Vedlegg 10)
- 13.06.2018 Svarbrev på «Merknader til nybygd veg.... (Vedlegg 11)

Gjenpart av brevet utan vedlegg til:

Bjørn Rune Kvinge
Bjørn Inge Nystein
Åge Ynnesdal
Alf Birkeland

Dokumentasjonen/vedlegga kan hentast i postjournalen til Masfjorden kommune med unntak av vedlegg 1.

Sendt ret. 3 sept. 2018